

Saksbehandlar: Arvid Stenehjem  
Avdeling: Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 13/3495-5

---

## Skriv og meldingar til hovudsamarbeidsutvalet 2013 - HSU-møte 7. november

### Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Hovudsamarbeidsutvalet tek orienteringane til vitande.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Samandrag

Orienteringar:

- Reinhaldarseminaret 2013 vart gjennomført som lunsj til lunsjseminar torsdag 31. oktober til fredag 1. november. I samarbeid med Frm-personal/HMT leverer STAPLES saman med underleverandør Lilleborg Professional innhaldet første semesterdag. På dag to har bedriftshelsetenesta Stamina Helse AS ansvar for det faglege innhaldet. Vel 80 deltakarar vart påmeldt. (Vedlegg, program)
- 40timarskurs 2+2 dagar, med bidrag frå Stamina Helse (19. og 20. oktober + 14. og 15. november)
- Seniorkurs (Engelstad – siste tilbod utanom seniorpol. handlingsplan) 21. oktober til 23. oktober er gjennomført med 8 deltakarar frå fylkeskommunale einingar. Til neste samling den 11. november til 13. november (Sak 13/4022-1) er 14 av våre påmelde. Arvid Stenehjem deltek her som observatør. Vi ønskjer å erfare dei kvalitetane som kurset tilbyr og å lære om saksfeltet med tanke på revisjonsarbeidet med seniorpolitisk handlingsplan. (Vedlegg, program)
- Etter bestilling er arbeidet med å justere/revidere handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald tek til. Vi tek sikte på å få vedteke endringane på fylkestinget i april 2014.
- Fylkeskommunen gjennomførte lokale lønsforhandlingar i perioden 24. september til og med 24. oktober. Dette er forhandlingar etter hovudtariffavtalen kapittel 3.4.1 Leiarar, 3.4.2 Andre leiarar og kapittel 5.2 Årleg lønsforhandling. Ny årsløn gjeld frå 1. januar 2013. Den nye årsløna og etterbetaling vert utbetalt 12. november 2013.

- NAV saman merd Arbeidstilsynet har laga ein applikasjon om sjukefråværsoppfølging. Appen gjer det enklare å følge opp sjukmeldte medarbeidarar og å halde oppfølgingsfristane. Appen er laga for leiarar med ansvar for oppfølging av sjukmeldte medarbeidarar. Meir informasjon om korleis leiarane med oppfølgingsansvar kan laste appen ned på smarttelefonen finn ein på Portalen eller frå heimesidene til AT eller NAV. "NAV Sjukefråvær" inneheld:
  - Hugseliste over lovpålagte oppfølgingspunkt med informasjon om tidsfristar og kven som har ansvaret.
  - Eit varslingsystem som gir påminningar undervegs. Den varslar om alle kommande aktivitetar for sjukmeldte medarbeidarar to veker før fristen går ut med ein siste påminning same dag.
  - Tips og råd, mellom anna om korleis arbeidsgivar kan førebygge sjukefråvær og leggje til rette for at arbeidstakarar som er sjukmeldt kan halde fram i arbeid.

## **2. Konklusjon/tilråding**

Orienteringane vert teken til vitande.